Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 61 Fylke: Troms

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Skjervøy

Emne: Musikk instrument Bygdelag:

Oppskr. av: Henr. Reiersen Gard: Skjervøy

(adresse): Skjervøy G.nr. 69 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Sovitt gamle folk har kunnet fortelja, hadde ein eller tvo karar kringum 1850 spela klarinett to innimillom, truleg farande svenske.
Det kom ikkje orgel, harmonium i landskirkene, før i 80-åri.
Og enno er summe fri.
Det er akkordion (dragspell) som har vore og er det alminnelege instrument til dans; fiolin sjeldan før og no.
Til over 100-års skiftet bruktes salmodikon i skulane og heimane, laga av tri fjøle tvo side og ei ovanpå og på denne ei lita tunn med messing-hake i for kvart siffer istaden for notar, og summe skulemeistrar spela fiolin.
Orgel (harmonium) har summe lærarar i i skulane og heimane.
Embets- og bestillingsmenn (betre stillande) har piano, sjølsagt dei større handelshus, og desse dei fyrste her oppe.

786

Salmodikon: Altså:
Tvo sidefjöle, ei ovanpå, ei smal der oven med skala merke, og fjel på begge ender, så instrumentet er åpent under. Tapp til venstre som skrue til å stramme strengen, som var festet i högre ende.
Notaplaten var omk. 3/4 av den heile lengde, og der var ett hull i högre ende – for klangens skyld. Dessuten en liten tingest (rakke) til å löfte strengen såpas, at strengen fikk svinge.
Same salmodikon – med nemnde utstyr – og elles berre ei kjukk fjöl å talle 1½ tomme kjukk.



omlag 1m. l. 1 dm hög og 1 dm brei.
Langfjölene omlag 1 cm kjukk





rakkan

Tallplata omlag 3 cm brei og ½ cm kjukk.
Sjölsakt penare resonans av den Salmodikon laga av fjöle enn den av kjukk plate.

Orsake, stygg skrift.

Med högvyrdnad
Henr. R.